



Advokatfirma Mikkel Mundal AS
Hollendergaten 14
5017 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3879 - 19/11030

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
03.04.2019

Tilbakemelding om manglar i motteken dokumentasjon - gbnr 10/16 Rødland

Tiltak: Oppretting av 4 nye grunneigedommar
Byggjestad: Gbnr: 10/16
Tiltakshavar: Randi Hosøy
Ansvarleg søkjar: Advokatfirma Mikkel Mundal AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar dokumentasjon på tilknytning til eksisterande VVA-anlegg den 27.03.2019.

Mottakskontroll

I saka med avvingsvedtaket datert 28.01.2018 skreiv vi :

Vidare sakshandsaming

Vi rår dykk til å starta med søknad om utsleppsløyve og innhenting av nødvendige privatrettslege samtykke, før de sender inn ny søknad om deling.

De har oppfylt dette delvis ved å leggja fram privatrettslege samtykke og uttale frå røyrleggar.

I tillegg må det ligga føre utsleppsløyve før tomtene kan frådelast , anten

- ved at det vert søkt om nytt utsleppsløyve til denne leidningen for dei 4 tomtene, eller
- ved at det vert dokumentert at det tidlegare er godkjent utsleppsløyve for fleire enn dei som nyttar leidningen i dag.

- Kor langt ut frå land går leidningen ?
- Kor djupt er det på utsleppsstaden?

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 02.05.2019. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Advokatfirma Mikkel Mundal AS	Hollendergaten 14	5017	BERGEN
Jan Rune Hosøy	Heltveitvegen 9	5993	OSTEREIDET
Marit Hosøy Gialousis	Hosøyvegen 35	5993	OSTEREIDET
Randi Hosøy	Hosøyvegen 35	5993	OSTEREIDET
Øystein Hosøy	Hosøyvegen 31	5993	OSTEREIDET